



Barn og unge (0 – 20 år)

Samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Vestland tannhelseteneste

INNHOOLD

1.0 Generelt om samarbeidsavtaler	3
2.0 Samarbeidsavtale med Masfjorden kommune	3
2.1 Føremål med avtalen	3
2.2 Evaluering og kvalitetsindikatorar	3
2.3 Målgruppe	3
2.4 Forankring	3
3.0 Partane sitt ansvar og plikter	4
3.1 Vestland tannhelseteneste	4
3.2 Masfjorden kommune	5
4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet	6
5.0 Avtalesignering	7
6.0 Avtaletilpassing	8
7.0 Vedlegg	9
1. Rutiner for samarbeid om munnundersøking i helsestasjon 0-3 år (Helsedir.)	10
2. Kriterier for henvisning frå helsestasjon til tannhelsejenesten (Helsedir.)	13
3. Skjema for tilvising frå helsestasjon til tannhelsetenesta	14
4. Epikrise frå tannhelsetenesta til helsestasjon	16
5. Forslag til plan for opplæring	17
6. Kvalitetsindikatorar	18
7. Personvern	19

1.0 Generelt om samarbeidsavtaler

Samarbeidsavtaler med kommunane i Vestland, er med på å fremje tannhelse i heile befolkninga og sørgje for nødvendig førebygging og behandling. Tannhelsetilbodet skal ha utgangspunkt i den enkelte sine behov, der målet er god tannhelse heile livet. Grunnlaget for den gode tannhelse skal leggjast gjennom god førebygging og behandling, med fokus på tidleg innsats. Det er viktig å sikre at alle får eit godt tilbod, etter det som til ein kvar tid er gjeldande retningsliner. Tannhelsetilbodet skal vere oppsøkjande og regelbunde, og førebyggjande tiltak skal prioriterast før behandling.

2.0 Samarbeidsavtale med Masfjorden kommune

2.1 Føremål med avtalen

Det overordna målet er optimal tannhelse for barn og unge 0 – 20 år, samt å redusere skilnad i helse generelt og tannhelse spesielt. Samarbeidsavtalen skal sikre at barn og ungdom får tilpassa og gode tann- og munnhelsetenester, uavhengig av bustad, diagnose og sosial bakgrunn. Det er og eit mål å spreie opplysning om og auke interessa for kva den einskilde sjølv kan gjere for å fremje eiga tannhelse.

2.2 Evaluering og kvalitetsindikatorar

Samarbeidsavtalen skal gjennomgåast og evaluerast minimum kvart andre år av tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune. Det skal utarbeidast kvalitetsindikatorar som grunnlag for evaluering av samarbeidet, sjå vedlegg 6.

2.3 Målgruppe

Målgruppa i avtalen er barn og unge 0-20 år, med særskilt fokus på barn mellom 0 – 3 år.

2.4 Forankring

Samarbeidsavtalen og innhaldet i avtalen er forankra i «*Nasjonale faglige retningslinjer for tannhelsetjenester til barn og unge 0-20 år*» (del 1, publisert 27. september 2018) og «*Nasjonale faglige retningslinjer for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom*» (2016).

3.0 Partane sitt ansvar og plikter

3.1 Vestland tannhelseteneste

Generelt

Vestland fylkeskommune skal, etter tannhelsetenestelova § 1-1, sørge for at tannhelsetenester i rimelig grad er tilgjengelege for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket. Den offentlege tannhelsetenesta skal etter lova i § 1-3 gje eit «*regelmessig og oppsøkende*» tannhelsetilbod til prioriterte grupper, her under barn og unge mellom 0-20 år. Førebyggjande tiltak skal prioriterast før behandling. For barn 0-3 år vert barnet sin rett til tannbehandling ivareteke ved samarbeid mellom den offentlege tannhelsetenesta og helsestasjonane.

Spesielt

1. Tannhelsetenesta skal delta i faste samarbeidsmøter med helsestasjonane ein gong i året. Tannhelsetenesta er ansvarleg for møteinnkalling og referat.
2. Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette på helsestasjonen fagleg støtte, oppdatering og rettleiing.
3. I samarbeidsmøte skal det utarbeidast ein systematisk plan/tema for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte (vedlegg 5).
4. Barn og ungdom som har behov for konsultasjon/oppfølging av helsesjukepleiar eller lege, må bli tilvist helsestasjon.
5. Tannhelsetenesta skal sende tilbakemelding (epikrise) til helsestasjonane på tilviste pasientar når barnet er undersøkt.
6. Tannhelsetenesta har ansvar for å presentere relevant tannhelsestatistikk.

3.2 Masfjorden kommune

Generelt

Kommunen skal, etter helse- og omsorgstjenesteloven, samarbeide med fylkeskommunen på ein slik måte at helse- og omsorgstjenesta fungerer som ei eining. Barn har rett til nødvendig helsehjelp, også i form av helsekontroll i den kommunen barnet bur eller mellombels er i.

Spesielt

1. Helsestasjonane skal delta i faste samarbeidsmøter med tannhelsetjenesta i Vestland fylkeskommune ein gong i året. Tannhelsetjenesta er ansvarleg for møteinnkalling og referat.
2. I samarbeidsmøte skal det utarbeidast ein systematisk plan for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte.
3. Helsestasjonstjenesta skal utføre munnundersøking på konsultasjonar ved 6 veker, 6 månader, 1 og 2 år (vedlegg 1).
4. Motivering til og opplæring i kosthald og tannpuss bør vere ein sentral del av undersøkinga ved alle konsultasjonar. Munnundersøkingar kan gjerast av lege eller helsesjukepleiar, i tråd med prosedyre fastsett i retningslinjer for helsestasjonstjenesta.
5. Barn og unge som har behov for konsultasjon hos tannpleiar eller tannlege, vert tilvist til tannhelsetjenesta i Vestland fylkeskommune etter kriterier anbefalt av helsedirektoratet (vedlegg 3).
6. Helsestasjon/skulehelsetjenesta skal i helsesamtalar på 1. og 8. trinn i grunnskulen ha fokus på eleven si tannhelse.

4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet

- Barnet/ungdomen sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.
- Samarbeidet mellom Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune skal sikre at barnet/ungdomen (føresette) får god informasjon, samtykker til behandlinga, og at dei vert teke med på avgjerd som har noko å seie for eiga helse.
- Samarbeidet skal sikre at barnet/ungdomen kan oppretthalde ei god oral helse. Dette inneber at barnet/ungdomen
 - ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidningar i munnhola
 - har tilfredsstillande tyggefunksjon
 - kan kommunisera og ha sosial omgang utan problem der dette skuldast munn- og tannhelsa.
- I møte med barn og unge skal alle behandlast rettferdig og med respekt.
- Førebyggjande tiltak prioriterast før behandling og det er eit mål at den enkelte, i størst mogleg grad, skal vere i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Samhandlinga mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune er prega av ønskje om kontinuerleg forbetring av tannhelsetilbodet til målgruppa.
- Samarbeidet er forankra i toppleiinga i Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune. Alle som jobbar med målgruppa for avtalen er kjend med den.
- Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune arbeider kunnskapsbasert og har fokus på å identifisere positive og negative faktorar som verkar på tannhelsa.
- Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid sikrar at vi når alle som treng tannhelsetenester.
- Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune skal setje av tid til å møtast og dele erfaringar og idear. Det skal vere låg terskel for partane til å ta kontakt med kvarandre.
- Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune bør delta i arbeidet med individuelle planar/pleieplanar der dette er aktuelt.

5.0 Avtalesignering

Avtalen må reviderast ved endring i lovverk, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen vert automatisk forlenga med eitt år om gongen med mindre anna er meldt frå om skriftleg. Avtalen gjeld fram til ny avtale vert utarbeidd og teken i bruk.

Masfjorden kommune –
(gjeldande etat)

Vestland fylkeskommune –
tannhelsetenesta

<i>dato</i>	<i>underskrift etatsleiar</i>	<i>dato</i>	<i>underskrift områdeleiar</i>
<i>dato</i>	<i>(repr. for helsestasjon)</i>	<i>dato</i>	<i>repr. frå tannklinikk</i>
<i>dato</i>	<i>(repr. for helsestasjon)</i>	<i>dato</i>	<i>repr. frå tannklinikk</i>
<i>dato</i>	<i>(repr. for helsestasjon)</i>	<i>dato</i>	<i>repr. frå tannklinikk</i>
<i>dato</i>	<i>(repr. for helsestasjon)</i>	<i>dato</i>	<i>repr. frå tannklinikk</i>

6.0 Avtaletilpassing

Om det er nødvendig med endringer eller tilpassingar i avtalen, skal det noterast her med dato og signatur frå begge partar:

7.0 Vedlegg

1. Rutiner for samarbeid om munnundersøking i helsestasjon 0-3 år
2. Kriterier for henvisning fra helsestasjon til tannhelsetenesta
3. Skjema for tilvising frå helsestasjon til tannhelsetenesta
4. Epikrise frå tannhelsetenesta til helsestasjon
5. Forslag til plan for opplæring
6. Kvalitetsindikatorar
7. Personvern



1. Rutiner for samarbeid om munnundersøking i helsestasjon 0-3 år (Helsedir.)

Munnundersøkelsen

Munnundersøkelsen kan foretas av lege eller helsesjukepleiar. Det bør avklares på forhånd hvem som gjennomfører undersøkelsen på hver av de fire konsultasjonene, se anbefalingen *Samarbeid mellom helsesjukepleiar og lege*.

Den offentlige tannhelsetjenesten har ansvar for å gi ansatte på helsestasjonen faglig støtte, opplæring og veiledning. Helsesjukepleiar og lege bør kontakte tannklinikken dersom de har spørsmål.

Munnundersøkelsen bør gjennomføres i tråd med egen prosedyre for tann- og munnundersøkelser ved helsestasjon:

Ved 6 ukers-konsultasjonen:

Undersøk munnhulen for sopp (trøske) og misdannelser. I forbindelse med ammeproblemer bør også tunge- og leppebånd og ganen undersøkes og det bør vurderes behov for oppfølging hos fastlege.

Ved 6 måneders-konsultasjonen:

I denne alderen kommer gjerne de første tennene i underkjevens front. Det viktigste formålet med undersøkelsen er å se om barnet har fått tenner og vise foreldre hvordan de kan pusse. Målet er å etablere en vane med tannpuss to ganger daglig med en knapt synlig mengde fluortannkrem.

Ved 1 års-konsultasjonen:

Ved ett-års alder har barna oftest fått alle fire fortenner, både oppe og nede. Jekslene er vanligvis ikke kommet. Undersøk ved å løfte barnets overleppe, og se om det er synlig belegg (plakk) på forsiden av overkjevens fortenner. Bruk eventuelt den butte enden av en tannpirker og før den langs tannkjøttskanten for å se etter belegg. Gjør tilsvarende i underkjeven. Instruer foreldre i tannpuss to ganger daglig med en mengde fluortannkrem som tilsvarer barnets lillefingernegl. Hvis det er problemer med tannpuss og store mengder plakk er synlig, bør barnet henvises til tannklinik. Vurder også henvisning hvis foreldre opplyser om munnproblemer av ulik art.

Ved 2 års-konsultasjonen:

Ved to-års alder er vanligvis hjørnetenner og de første jekslene kommet. Innled undersøkelsen med å løfte barnets overleppe og se om det er synlig plakk på forsiden av overkjevens fortenner. Bruk gjerne den butte enden av en tannpirker og før den langs tannkjøttskanten for å se om det er belegg. Se på jeksler og slimhinner. Henvis til tannklinikken hvis du ser hull eller misfarginger, eller det er problemer med

tannpuss og synlig plakk. Instruer foreldre i tannpuss to ganger daglig med en mengde fluortannkrem som tilsvarer barnets lillefingernegl.

Tannhelseinformasjon

Helsesjukepleiar eller lege bør påpeke viktigheten av å etablere gode vaner for tannpuss to ganger daglig fra første tann. Tenner og tannhelse bør også omtales i relasjon til temaer som hygiene, måltidsvaner og ernæring.

5 måneder – Kosthold og tannpuss

- Kostholdsanbefaling i tråd med nasjonale retningslinjer. Fokus på begrenset sukkerinntak, mengde og hyppighet. Vann som tørstedrikk.
- Tannpuss med fluortannkrem morgen og kveld fra frembrudd av første tann. En knapt synlig mengde tannkrem på børsten. Fokus på gode tannhelsevaner fra tidlig alder. Se [anbefalingen Kosthold](#).

6 måneder – Kosthold og tannpuss som ved 5 mnd

- Undersøkelse av munnhule og tenner.

8 måneder - Kosthold og tannpuss

- Kostholdsanbefaling i tråd med nasjonale retningslinjer. Fokus på begrenset sukkerinntak, mengde og hyppighet. Vann som tørstedrikk. Se [anbefalingen Kosthold](#).
- Tannpuss med fluortannkrem morgen og kveld fra frembrudd av første tann. En knapt synlig mengde tannkrem på børsten. Utfordringer med tannpuss på små barn. Instruksjon i børsteteknikk. Tannklinikken kan gi veiledning.

10 måneder - Kosthold og tannpuss

- Oppfølging av informasjon ved 8 måneder. Spør om det går det greit med tannpuss.

12 måneder - Kosthold og tannpuss. Munnundersøkelse.

- Kosthold og tannpuss som ved 8 og 10 måneder. Mengde tannkrem tilsvarende barnets lillefingernegl.

15 måneder - Kosthold og tannpuss

- Oppfølging av informasjon ved 8 og 10 måneder.
- Frembrudd av de første melkejeksler er nært forestående. Informer om viktigheten å pusse jekslene. Instruer i pusseteknikk ved behov.

2 år - Kosthold og tannpuss. Munnundersøkelse

- Oppfølging av informasjon ved 8 og 10 måneder.
- Frembrudd av de bakerste melkejeksler er nært forestående. Informer om viktigheten av å pusse jekslene. Instruer i pusseteknikk ved behov.
- Undersøkelse av munn og tenner. Er det behov for henvisning til tannhelsetjenesten?

(elektronisk utgåve: www.vlfk.no/tannhelse)

2. Kriterier for henvisning fra helsestasjon til tannhelsejenesten (Helsedir.)

Barn som har smerter i tenner eller tannkjøtt bør henvises

Smerter i munnen kan skyldes dyp karies, tannbyller eller infeksjoner i tannkjøttet.

Barn som ikke har gode pussevaner bør henvises

Foresatte bør pusse barnas tenner daglig med fluortannkrem fra første tanns frembrudd. Etter hvert som flere tenner kommer bør det pusses to ganger daglig. Det er viktig å etablere gode tannhelsevaner som vil komme barnet til gode resten av livet. Henvis hvis foresatte ikke pusser tilstrekkelig.

Barn med synlig belegg, misfarging eller karies bør henvises

Barn som har synlig plakk på tennene, særlig fortennene i overkjeven, har økt risiko for å utvikle karies. Forsøk å motivere foreldre til bedre tannpuss og henvis.

Barn som får sukkerholdig drikke om natten og mellom måltidene bør henvises

Vann anbefales som tørstedrikk om natten og mellom måltider. Hyppig bruk av sukkerholdig drikke (eller mat) gir risiko for utvikling av karies.

Barn som har kroniske sykdommer og/eller bruker mye medisiner bør henvises

Kronisk syke barn har ofte større risiko for å få karies andre munnsykdommer. Medisiner kan både inneholde sukker og redusere spyttfunksjonen. Begge deler medfører økt kariesrisiko.

Barn i følgende grupper kan ha økt risiko for karies – vurder henvisning

- Barn av foreldre med psykisk sykdom, rusmiddelavhengighet eller alvorlig somatisk sykdom eller skade
- Barn i kjente risikofamilier
- Barn i familier med innvandrerbakgrunn

(elektronisk utgåve: www.vlfk.no/tannhelse)

3. Skjema for tilvising frå helsestasjon til tannhelsetenesta

Til den offentlege tannhelsetenesta, ved

Frå helsestasjon:	
Helsesjukepleiar/lege:	
Barnet sitt namn:	
Barnet sitt fødselsnummer:	
Barnet si adresse:	
Telefon:	
Behov for tolk:	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
Ved behov for tolk – Språk:	

Årsak til tilvisinga:

Dato:

Underskrift,
helsesjukepleiar/lege:

(sjå neste side)

Samtykke frå føresett:

*Eg samtykker til tilvising for vidare oppfølging i tannhelsetenesta:

Dato: _____ **Underskrift**
(føresett/verje): _____

*Mindreårige (som er fylt 16) kan gje samtykke til tilvising til tannhelsetenesta dersom den mindreårige har råderett over eigne helseopplysningar etter pasient- og brukerrettighetsloven.»

Vestland fylkeskommune behandlar personopplysningane dine etter personopplysningsloven § 1-3 og personvernforordninga sin artikkel 6 nr. 1, bokstav e og artikkel 9 nr. 2, bokstav h. Vi behandlar personopplysningane dine som er nødvendig for å utføre våre lovpålagte oppgåver. På våre internettsider finn du informasjon om vår behandling av personopplysningane (Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune si personvernerklæring).

(elektronisk utgåve: www.vlfk.no/tannhelse)

4. Epikrise frå tannhelsetenesta til helsestasjon

Til: *(namn på helsestasjon)*

Vi takkar for at de har teke kontakt med oss om *(namn på barnet/ungdomen).*

Våre funn er:

Vår behandling og tiltak for barnet/ungdomen er:

Med venleg helsing:

(sett inn namn)

*(sett inn logo til gjeldande tannklinikk,
samt tlf.nr og adresse)*

(elektronisk utgåve: www.vlfk.no/tannhelse)

5. Forslag til plan for opplæring

Dette er forslag til kva ein plan for opplæring mellom tannhelsepersonell og tilsette på helsestasjon kan innehalde av fagleg informasjon og oppdatering. Planen må tilpassast etter kva behov tilsette på helsestasjon og tilsette på tannklinikkane har.

TEMA

Munnundersøking

Tannframbrot

Anomalier i tenner og munnhole (f.eks. ikkje normale tilstandar i f.eks. tennene si form, farge og stilling)

Munn- og tannhygiene, fluor, måltidsvanar og ernæring

Kariesutvikling

Omsorgssvikt

- grav karies
- hygiene
- ernæring
- sjukdom

Vald (mishandling, seksuelle overgrep)

- petechier/blødninger, rifter i munnhole
- emaljeskadar
- grav karies
- vegring mot å opne munnen

Anna

(elektronisk utgåve: www.vlfk.no/tannhelse)

6. Kvalitetsindikatorar

Kvalitetsindikatorar som skal takast med i overordna evaluering av samarbeidet mellom Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune:

For å kunne følgje med på utviklinga i samarbeidet, er det føremålstenleg å etablere eit system med relevante måleindikatorar.

Tal tilvising frå helsestasjon til tannhelsetenesta på grunn av:	2020	2021	2022	2023	2024
Smerter i tenner/tannkjøtt					
Karies					
Hyppig bruk av sukkerhaldig drikke/mat, samt drikke etter tannpuss om kvelden					
Kronisk sjukdom/bruk av mykje medisin					
Barn av foreldre med psykisk sjukdom, rus-problematikk eller alvorleg somatisk sjukdom/skade					
Barn og ungdom med spiseforstyrning					
Andre grunnar for tilvising					
Andre kvalitetsindikatorar:	2020	2021	2022	2023	2024
Tal meldingar til barnevern frå tannhelsetenesta					
Del barn utan karieserfaring					
• 3-åringar					
• 5-åringar					
• 12-åringar					
• 15-åringar					
• 18-åringar					
Dekningsgrad					
• Gruppe A					
• Gruppe D					



7. Personvern

Vestland fylkeskommune samlar inn personopplysningar som er nødvendige for å utføre våre lovpålagte tenester. Dei innsamla data om deg er trygge hos oss. Har du spørsmål om vår behandling av dine personopplysningar, kan du ta kontakt med oss på tannhelse@vlfk.no eller på tlf.: 05557.

